



Jørgen Wessel Ottesen  
Beitingsvegen 196  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/109 - 18/5710

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
16.03.2018

## GBNR 4/6 - Svar på klage på gebyr

### Administrativt vedtak: 66/2018

#### Bakgrunn:

Administrasjonen viser til søknad om redusert byggesaksgebyr motteke 06.03.2017. Klagen er grunnlagt slik:

Fakturagebyret er på NOK 8.100,- noe som synes å være urimelig høyt. Her er det snakk om at en eksisterende pipe i tegl og leca, som hadde både lekkasje og var brannfarlig, ble revet og en stålpipes ble satt opp på samme plass, altså ingen fasadeendring. Jobben ble utført av fagfolk (Varme AS) for å sikre at det ble gjort forskriftsmessig og skikkelig.

Gebyrets størrelse utgjør ca. 30% av hele tiltakets kostnad, noe som synes urimelig høyt. Jeg håper på en hyggelig og fornuftig tilbakemelding på det her tilskrevne.

#### Vurdering:

Saka gjeld godkjent utskifting av stålpipes og er omsøkt og behandla som eit søknadspliktig tiltak med ansvarsrett. For ordens skuld opplyser administrasjonen at tiltaket ikke er omfatta av unntaket frå søknadsplikten som gjeld reparasjon av eldstad fordi tiltaket omfatta innstallering av nytt røykrør), se Byggesaksforskriften (SAK10) § 4-1, bokstav d, nr 2 og 5. Behandlinga i kommunen som er gjort er tufta på korrekt tolking av regelverket, og i samsvar med rettleiingsark utgitt av norsk kommunalteknisk forening, se vedlegg.

Problemstillinga i saka er størrelsen på gebyret. Administrasjonen ser at gebyret i saka er høgt; kr 8 100,-. Tiltaket krev ikkje oppdatering av matrikkelen, og dersom tiltaket hadde vore søknadspliktig utan ansvarsrett ville gebyret i medhald av gebyrregulativet punkt 10.3.2 vore på kr 3 300,-. Gebyrregulativet har ikkje tatt høgde for denne forskjellen og det har vore i samsvar med praksis i desse sakene å krevje gebyr stort kr 8 100,-.

Søknaden om gebyrreduksjon er fremma med heimel i gebyrregulativet punkt 4.12:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal vere grunngeven. Personlege og/eller sosial tilhøve bert ikkje rekna som særleg grunn.»

Administrasjonen vurderer at det ligg føre særlege grunnar i saka. Søknadspliktige arbeid med pipe/skorstein som ikkje krev oppdatering av matrikkelen, er normalt kurante sakar å behandle. Det var òg tilfelle i føreliggjande sak. Desse tiltaka er positive for miljøet og difor ønskjeleg at blir gjennomført. Gebyret i kommunen blir difor vurdert å vere høgare enn hensiktsmessig. I føreliggjande sak, og for framtidige søknader i same kategori – søknadspliktige arbeid med pipe/skorstein som ikkje krev oppdatering av matrikkelen – vil kommunen krevje gebyr stort kr 3 300,- i samsvar med gebyrregulativet punkt 10.3.2. For gebyrregulativet for 2019 vil kommunen vurdere å ta inn eigen gebyrheimel for slike arbeid.

#### Vedtak:

Med heimel i gebyrregulativet punkt 4.12. gjer Meland kommunen vedtak om at gebyr for behandling av søknad godkjent gjennom vedtak datert 26.01.2018, DS 22/2018, blir fastsett til kr 3 300,-. Tidlegare utsendt faktura skal krediterast og ny faktura på kr 3 300,- sendast tiltakshavar.

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Jørgen Wessel Ottesen  
Varme AS

Beitingsvegen 196 5918  
Postboks 20 5822  
Kristianborg

FREKHAUG  
BERGEN